



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Kviteseid Sokneråd**

**Referat**  
**til Kviteeid Sokneråd (SR)**  
**Onsdag 25.01.2023, kl.18.00**  
**Stad: Kommunehuset**

**Innkallast:**

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Sigrun Garvik Moen (sekr.), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Vidar Syrtveit Mikalsen.  
Møyfrid Lunde (sokneprest), Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar).  
Vigdis Helen Bruhaug (1. vara), Kristen Salmelid, kyrkjeverje.

**Meldte fråver:** Møyfrid Lunde (sokneprest), Vidar Syrtveit Mikalsen og Sigrun Garvik Moen. I tillegg uteblei Bjørn Nordskog (kommunerepresentant)

Ord for dagen: Marit Gotuholt

Servering: Dagfinn Køhn

Oversikt over saker:

<b>SR-sak 01.23 FR</b>	<b>Innkalling og saksliste</b>
<b>SR-sak 02.23 FR</b>	<b>Post og meldingar</b>
<b>SR-sak 03.23 FR</b>	<b>Økonomirapport drift og investering 2022</b>
<b>SR-sak 04.23 FR</b>	<b>Driftsbudsjett 2023</b>
<b>SR-sak 05.23 FR</b>	<b>Investeringsbudsjett 2023</b>
<b>SR-sak 06.23 FR</b>	<b>Investeringsplan 2024-2028</b>
<b>SR-sak 07.23 FR</b>	<b>Tilbygg til bårehus/servicebygg Kviteeid</b>
<b>SR-sak 08.23 SR</b>	<b>Soknemøte med årsmøtesaker</b>
<b>SR-sak 09.23 SR</b>	<b>Kyrkjjevalet 2023</b>
<b>SR-sak 10.23 SR</b>	<b>Eventuelt</b>

<b>SR-sak 01.23 FR</b>	<b>Innkalling og saksliste</b>	<b>MG</b>
Innkallinga til dette møtet vart sendt ut på e-post onsdag 18. januar 2023 til alle medlemmer og varamedlemmer i Kviteseid sokneråd (samt revisor og prost til orientering).		
Merknader til innkalling eller saksliste?		
<b>Forslag til VEDTAK:</b> Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.		
<b>VEDTAK:</b>		
Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.		
<b>SR-sak 02.23 FR</b>	<b>Post og meldingar</b>	<b>MG</b>
<p><b>1. Arrangement sidan sist SR:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a. <u>Konsertar i adventstida:</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>i. 26. nov.: Hans Inge Fagervik i Kviteseid kyrkje</li> <li>ii. 1. des.: Konsert med Ajer og Haugen band i Vrådal kyrkje</li> <li>iii. 7. des.: Adv.konsert for eldre, i Kviteseid kyrkje., med servering av graut</li> <li>iv. 11. des. i Kviteseid kyrkje: Vår årlege store konsert med alle kor i bygda, og hornmusikken..</li> </ul> </li> <li>b. <u>Skulegudstenester</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>i. 16. des.: Kviteseid skule</li> <li>ii. 20. des.: Brunkeberg (skulen m/ førskuleborna)</li> <li>iii. 20. des.: Kvitsund Gymnas</li> <li>iv. 22. des.: Jolevandring med Kviteseid barnehage</li> </ul> </li> <li>c. <u>Stabsfest</u> 2. des. for pensjonerte og dagens stab, årleg samling hos Dagfinn og Ellen Katrine Køhn.</li> <li>d. <u>Språk-kafé</u> 8. des. ved Diakoniutvalet, på Waldenstrøm kafé, 11. jan. på Misjonshuset som samarbeidsprosjekt. (sjå eige pkt.)</li> <li>e. <u>Fest for Lundenjordet</u> 14.des. ved Diakoniutvalet, Eilev og Møyfrid</li> <li>f. <u>Eit annleis julebord</u> i Kilen etter gudstenesta 18. des. Takk til Svein Holberg og nye eigarar av Kilen Feriesenter.</li> <li>g. <u>Felles familiemøte</u> 22.jan. på Misjonshuset</li> </ul> <p><b>2. Planlagde arrangement:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a. <u>Sorggruppe</u> startar opp igjen 26. jan.</li> <li>b. <u>Tårnagenthelg</u> 11.-12. febr.</li> <li>c. <u>Frivillighetsfest</u> 4. febr kl. 12-15 på Misjonshuset</li> <li>d. <u>Språk-kafé</u> på Misjonshuset 8. febr. og 8. mars.(onsdagar kl. 14.30)</li> <li>e. <u>Føremiddagstreff</u>: 25.jan., 22.febr., 22.mars. og 26.april.</li> <li>f. <u>Taizèbøn</u> onsdag 22. mars kl. 19.30 i Kviteseid kyrkje</li> <li>g. <u>Soknemøte</u> 7. mai ? (<i>Sjå eigen sak</i>)</li> <li>h. <u>Småbarnstreff med babysong</u>: Nesten kvar torsdag v/ Møyfrid.</li> <li>i. <u>Fredagsklubben</u>: Ca annankvar fredag (partallsveker – feriar).</li> <li>j. <u>Godhetsveka 2023</u>: 8.-12. mai, med gudsteneste sundag 14. mai</li> <li>k. <u>Fellesmøtehelg</u> 10.-12. mars, i Kv.kyrkje. Talar: Curt Westmann</li> </ul>		

1. Dato for Gullkonfirmantfest september 2023?
- m. Dato for Frivillighetsfest oktober 2023? (for alle frivillige og avtroppende sokneråd, kvart 4. år)
3. **Prostivistas ved Asgeir Sæle** har vanlegvis vore på januarmøtet, men er i år utsett til aprilmøtet, då prosten er i permisjon ei tid nå.
4. **Referat fra Kulturutvalet (KU) .....** *Sjå vedlegg.*
5. **Referat trusopplæringsutval (TU) ...** *Mangla referat då skrivaren var sjuk.*
6. **Møte med Cappelen om eideomen Kviteseid gamle kyrkje.** Kyrkjeverja hadde seint i desember eit møte med Cappelen skogar sin representant Thor Wraa. Skilta ved innkøyslene vart sett opp i starten av koronatida fordi mange brukte området til camping og det var mykje gjennomgangstrafikk. Skilta vil bli vurdert endra. Eideomsoverdraginga i matrikkelen skal gå greitt, men vi må først bli einige om kor mykje areal som skal inkluderast, om tilførselsvegar og parkeringsplass. Cappelen ynskjer å greia ut om det er lovleg og om det går an å etablera ein ny parkeringsplass på sørsida av vegen inn frå Fjågesundvegen. Det er i dag eit lite skogholt og myrlendt. Det vil i tilfelle gjere at vi ikkje treng å parkera så mykje mellom kyrkja og Kviteseid gard, eller langs gjerdet. Det vil bli veldig ryddig. Gravfylgje kan då køyre Fjågesundvegen der bilar parkerer på ny plass, og bårebilen kører fram til portalen. Ei anna sak er brannslange ved gamlekyrkja: Cappelen har ein brannhydrant som dei vil prøve å få større trykk på. Lykkast dei med det, treng ikkje vi lenger ha eigen brannslange. Den er ny for 2-3 år sidan, men er allereie lekk.
7. **Nytt digitalt verktøy for soknerådet og staben:** «Kirka vår – samlet plan for arbeidet i soknet». Kyrkjeverja vil saman med staben forsøke å få dette på plass når vi får tid til det. Sjå introduksjonsvideo her: <https://vimeo.com/776494635/9b509aa1c9>
8. **Minnelund i Kviteseid** er under planlegging, men blir ikkje sak til SR før meir er på plass. Bjørn Stian Sigurdslid hadde dette som oppgåve på kurs han var på i desember. Vi må sjå meir på kor mykje dette kan kosta. Kyrkjeverja trur det er mogleg å få til over driftsbudsjet med stor eigeninnsats, så vi slepp å bruka av investeringspengane.
9. **Vrådal Normisjon har gitt ei øyremerka gave på kr 20.000 til reparasjon av messehakelen** (betalt kr 10.300 i des. 2022) og til El-piano til bruk i soknet. Det vart med tilleggsutstyr kr 9.300. **Soknerådet rettar ein stor takk til Vrådal Normisjon for gava.**
10. **Vi purrar på glasmeisteren** for å få dei ferdige blyglasa til Kviteseid kyrkje montert.
11. **Språk-kafé:** Frivilligsentralen utfordra seinhaustes diakoniutvalet vårt til å arrangera språk-kafé, særleg med tanke på ukrainarane. Prostidiakonen og utvalet vårt arrangerte fyrste samling på Waldenstrøm kafé 8. des. Det var stor oppslutning av både norske og framandspråklege. Lokalet var for lite. Kyrkjeverja har då i samarbeid med andre planlagt fleire samlingar på Misjonshuset, førebels 11. jan., 8. febr. og 8. mars. Dei som formelt står bak arrangementet no vidare, er Felleskyrkjeleg foreining i Kviteseid (Fredheim, Betel, Misjonshuset og Kyrkja) i samarbeid med Frivilligsentralen og flyktningforvaltninga. Det blir laga og servert varm mat tidleg i samlinga. Frivilligsentralen betalar det inntil vidare.

**12. Mange dødsfall i vinter.** Det har vore ekstra mange gravferdshandlingar like før jul, og så langt i januar. Vi har på 3 veker i januar passert 20 % av det som er forventa i heile 2023.

**13. Nye lovar regulerer universell utforming av nettsider!** Dei skal vere tilgjengelege for både blinde, svaksynte og høyselshemma. Leverandøren av nettsida gjer mykje av arbeidet, men mykje ligg til oss. Vi vil i samband med dette ta heile datasystemet vårt til vurdering.

Kyrkja har som mål at alle tilsette skal bruke felles digitale verktøy. Kyrkja sitt lokale skrivebord skal i 2023 gjerast tilgjengeleg for alle kyrkja sine tilsette, finansiert av Kyrkjeradet.

Her kjem og nettsida inn: Vi kunne gjort arbeidet med å retta opp alt som må til for å få universell utforming, men har nå 18.1. bestemt at vi heller startar med ei ny nettside frå kirken.no., slik fleirtalet av sokn i Noreg no har. Den sida er både betre og rimelegare. (3600/år mot dagens 6000/år) Nettsida kan lese kalenderen vår frå Kardinal. Påmelding til dåp, konfirmasjon og vigsel skjer allereie via kirken.no.

Vi har til no hatt alt frå firmaet *Kirkedata*: Nettsida, Kardinal (til bruk i gudstenestoplanlegging og andre handlingar) og Gravlund (digitalt gravferdsregister og festeavgifter). *Kirkepartner* er *Den norske kyrkja sin eigen IKT-leverandør*, med mellom anna intranettsida Kirkebakken. Dei fleste kyrkjekontor brukar i dag *Agrando* sine program Medarbeideren, fleire labOra-program og Ecclesia. Vi har mykje å setje oss inn i. Her er Olav Holm (organist) til stor hjelp for kyrkjeverja og staben.

**14. Vasslekkasje i Brunkeberg,** på kjøkkenet i kyrkjestova. Øydelagd pumpe er erstatta. Alt vatn ut må pumpast opp fordi avløpskummen ligg høgare i terrenget. Oppvaskmaskinen er og øydelagt og er meir enn 20 år gammal. Vi involverte kyrkjelydsutvalet i Brunkeberg i val av ny oppvaskmaskin. Dei meiner det er nok med ein enkel oppvaskmaskin for hushaldningar, men at den må ha hurtigprogram.

**15. Evaluering av 17.-mai feiringa i 2022 .** Soknepresten og soknerådsleiaren var med på fyrste evaluering 12. januar. Dei vart einige om at politikarane nå skal avgjere om nokre rammer for vidare feiring.

**16. Innkjøp båretralle til Brunkeberg.** Vi har i dag båretralle berre i Kviteseid. I Brunkeberg kan og avstandane bli lange i retning flaggstengene. Staben ynskjer difor at det blir kjøpt inn ei ny båretralle med store hjul. (Det er to aktuelle på markedet no: ein frå Konwi til 21.000 og ein frå Bentzen til 36.000. Vi har bestilt frå Konwi, då vi har god erfaring med utstyr dei tidlegare har levert)

**17. Bårehusa:** Staben synest ikkje det er naudsint å halde bårehuset i **Kilen** reint og klart til bruk til ei kvar tid. Det er svært få gravferder i Kilen. Det går godt å bruke Kviteseid til bårer som eventuelt skal til Kilen. Byrået slepp då og ekstra køyring. Så repeterer vi at bårehuset i Fjågesund berre blir brukt ved ute-temperaturar under 20°C. Midtsommars må Kviteseid brukast i staden for å få nok kjøling.

**18. Normal gravferdstidspunkt i soknet blir endra frå kl. 12.00 til kl. 11.00..** Mange plassar har dei tidlegare enn det og. Pårørande rekk fram om det er kl.11 og. For oss er det av praktiske omsyn. Vinterstid blir det mørkt tidleg, og det er ein god del arbeid ute med

lukking av grava. Normal arbeidstid ute er til kl. 15.00, men dei arbeider sjølvsgart til dei er ferdige. Med kl. 11 blir det mogleg med to gravferdshandlingar same dag viss det skulle bli naudsynt.

**19. Apsisen på gamlekyrkja** har fått ein ny omgang med tjære, det 2. laget så langt. Det var siste rest av 50 liter tjære vi for nokre år sidan fekk kjøpt av Tokke kyrkjelege fellesråd. Det har i fleire år vore tomt for godkjent tjære i Fortidsminneforeininga. No har dei igjen fått på lager og vi har bede Einar Heggtveit som gjer arbeidet for oss, om å bestille 50 liter til. Det rekk til 3 rundar til, men er ikkje billig. Tjæra vil koste oss rundt 30.000 kr.

SR-sak 03.23 FR	Økonomirapport drift og investering 2022	KS
-----------------	--	----

Saka vart handsama i 11.1.23 i AU-sak 02.23. Tala oppdatert, under AU-sak

**Samla viser DRIFTSRAPPORTEN for 2022 pr 05.01.2023 eit førebels resultat på kr -46.493.**

(=overskot / mindreforbruk) Det er sjølvsgart ein del som ikkje er ført ennå, så resultatet vil endra seg. Men det er eit positivt resultat der det var forventa eit underskot / meirforbruk grunna dei høge straumprisane. Årsaka til dette er hovudsakeleg summen på over kr 200.000 i refusjon av sjukeløn på avd.110. Det er ikkje bruka tilsvarende på vikarløn (noko er ført på avd. 110 og noko på avd.111).

Avdelingsvis er resultata som fylgjer. (Overskot/mindreforbruk står med neg. forteikn)

**110 Kyrkjeleg administrasjon:** kr -109.687' (61' for 2022)

**111 Kyrkjer:** kr 110' (-27' for 2022) (obs manglar dei siste straumrekningane)

**112 Kyrkjegardar:** kr 56' (30' for 2022)

**113 Andre kyrkjelege føremål:** kr -81' (36' for 2022) Kollektar til eksterne er ikkje ferdig avstemt.

**INVESTERINGSRAPPORT** frå rekneskapskontoret viser eit underskot på kr 965.107, men då er ikkje tilskotet frå kommunen ført opp. Kr. 1.000.000 har kome på konto seint i desember. Samla skal dette gje eit overskot / mindreforbruk på nesten kr 35.000.

Kyrkjeverja sine eigne notatar viser kr 45.000, så her er ikkje venta nokon overraskingar. Vi har bruka litt mindre på varmeovnane og litt meir på blyglas i Kviteseid kyrkje.

For investeringsrekneskapen er det positivt at varmestyringa ikkje kom på plass i 2022. Det vart forseinkingar grunna bytte av elektrikar.

**Vedlegg:** Rekneskap- og budsjett-dokument

**Forslag til vedtak i AU:** AU samtala om rapporten og tek orienteringa til vitande.

**VEDTAK i AU:** AU samtala om rapporten og tek orienteringa til vitande.

*Oppdaterte tal: (dei finn du og i vedlegget til neste sak)*

**DRIFTSRAPPORTEN for 2022 pr 17.01.2023 eit førebels resultat på kr -129.403.**

(Kr 222.772 i refusjon av sjukeløn)

*Avdelingsvis: ( budsj.22 / resultat 21)*

**110 Kyrkjeleg administrasjon:** kr -125' (61' / 90')

**111 Kyrkjer:** kr 80' (-27' / 136') (obs manglar dei siste straumrekningane)

**112 Kyrkjegardar:** kr 78' (30' / -68)

**113 Andre kyrkjelege føremål:** kr -129' (36' / -95')

**Forslag til VEDTAK i SR:** SR tek orienteringa til vitande.

Kyrkjeverja informerte om ei lang men grei årssamtale med revisoren same dag. Revisoren er Hilde Vatnar frå Vestfold og Telemark (kommune-)revisjon.

**VEDTAK i SR:** SR tek orienteringa til vitande.

SR-sak 04.23 FR	Driftsbudsjett 2023	KS
-----------------	---------------------	----

Saka vart handsama i 11.1.23 i AU-sak 03.23

Kommunen har for 2023 vedteke det soknerådet har bede om, nemleg ein generell auke på 2,5 % frå tilskotet i 2022, og eit tillegg på kr 150.000 for forventa framleis høge straumkostnader.

På utgiftssida er det tatt høgde for lønsauke i mellomoppgjersår og generell prisauke. KLP-utgifter er auka frå 330 til 480' etter nye prognosar for 2023, etter resultat konsumprisindeksen (kpi) på 6,9 % sept. 21-sept. 22.

**Vedlegg:** *Rekneskap- og budsjett-dokument (same som i saka over)*

**Forslag til vedtak i AU:** Au tilrår SR å vedta det framlagde driftsbudsjettet for 2023.

**VEDTAK i AU:** Au tilrår SR å vedta det framlagde driftsbudsjettet for 2023. AU tilrår og å inngå fastprisavtale for 3 år med VTK-Nett viss det blir under 1 kr/kWt.

(Same dag skriv VTK i avisat at dei tilrår bedrifter å vente med fastpris litt til fordi det vil kome nye lågare priser)

Tilskotet frå kommunen er ikkje lenger delt opp med eigen post til Kyrkjegardsdrift og resten i ein post. Tilskotet er difor no fordelt mellom avdelingane slik at alle går omtrent i balanse. Samla utbetalet tilskot er for 2023 kr 3.761.200. I tillegg har kyrkja tenesteytingsavtale med kommunen på kr 379.000 som er regulert opp frå kr 347.000.

**Forslag til VEDTAK i SR:** SR vedtek det framlagde driftsbudsjettet for 2023 og ber kyrkjeverja vurdera fastprisavtale på straum i tråd med tilrådingane frå AU og VTK for å få større forutsigbarhet (føreseielegheit).

Kyrkjeverja orienterte om at det 24. januar kom tilbod om faststraumavtale med Vest-Telemark kraftlag for bedrifter med årsforbruk på meir enn 50.000 kwh/år. Hos oss er det berre Kviteseid kyrkje som har forbruk større enn det. Kviteseid har rundt 100.000 (Brunkeberg ca 35', Vrådal ca 31', Fjågesund ca 10' frå Drangedal Everk, og Kilen ca 2') Vi har i dag straum frå Fjordkraft til alle stadene. Kontraktslengde med VTK vil vere på 3 år. Vi kan velje mellom A: Flat fordeling (med like mykje i alle månader) til 89 øre/kwh, eller B: Profil med månadsvolum fordelt i forhold til mormal forbruksprofil til 95 øre/kwh. Innom kvar månad blir prisen på B fordelt likt på alle timer. Avvik mellom avtalt volum og faktisk bruk, blir avrekna til timens spotpris både negativt og positivt. Det er vanskeleg å ta stilling til dette, for som VTK sjølv

seier: Vert prisen framover 30 øre/kwh går vi på ein stor smell, og vert prisen framover 150 øre/kwh blir det ein stor gevinst. Uansett blir straumutgiftene til Kviteseid kyrkje veldig forutsigbar. Kviteseid kyrkje brukar over 50 % av vårt totale forbruk.

**VEDTAK i SR:** SR vedtek det framlagde driftsbudsjettet for 2023 og ber kyrkjeverja vurdera fastprisavtale på straum i tråd med tilrådingane frå AU og VTK for å få større forutsigbarhet (føreseielegheit).

Kyrkjeverja har etter rådslaging med andre, den 27.1. bestilt fastpris på straum frå VTK for Kviteseid kyrkje frå februar 2023. Vi går då over frå Fjordkraft for denne kyrkja.

SR-sak 05.23 FR	Investeringsbudsjett 2023	MG / KS
-----------------	---------------------------	---------

Saka vart handsama i 11.1.23 i AU-sak 03.23

Kommunen vedtok i sitt budsjettmøte i desember at dei held fram med investeringstilskotet på kr 1.0 mill. i 2023. For 2024 vert det halvert, og frå 2025 må vi søke om tilskot for kvart prosjekt. Det gjer at vi stort sett kan halde fram med planane for 2023. I framlegget er det gjort små justeringar frå SR sitt forslag frå sommaren 2022. Utvidinga av bårehuset ham bli noko dyrare (*sjå anna sak*), og då må utgiftene til blyglaasa reduserast. (*sjå vedlegget*)

**Vedlegg:** *Investeringsplan 2022-2027*

**VEDTAK i AU:** AU tilrår SR og vedta det framlagde investeringsbudsjettet for 2023.

Arkitektarbeid for tilbygg til bårehuset: kr 47.000 er fakturert og betalt i 2023.

**Forslag til VEDTAK i SR:** SR vedtek det framlagde investeringsbudsjettet for 2023.

**VEDTAK i SR:** SR vedtek det framlagde investeringsbudsjettet for 2023.

SR-sak 06.23 FR	Investeringsplan 2024-2028	MG / KS
-----------------	----------------------------	---------

Saka vart handsama i 11.1.23 i AU-sak 03.23

Kommunen vedtok i sitt budsjettmøte i desember at dei held fram med investeringstilskotet på kr 1.0 mill. i 2023. For 2024 vert det halvert, og frå 2025 må vi søke om tilskot for kvart prosjekt. Det gjer at vi må gjere store endringar og omprioriteringar frå 2024.

Kyrkjeverja legg fram eit forslag. (*sjå vedlegget*)

**Vedlegg:** *Same som i saka over*

**Forslag til VEDTAK i AU:** Ingen.

**VEDTAK i AU:** AU tilrår SR å vedta den framlagde investeringsplanen for 2024-2028 med taket på Vrådal kyrkje og fleire blyglasvindauge i Kviteseid kyrkje som prosjekt i 2024. Pris og vurdering av taket i Vrådal må gjerast i 2023.

**Forslag til VEDTAK i SR:** SR vedtek den framlagde investeringsbudsjetten for 2024-2028 med taket på Vrådal kyrkje og fleire blyglasvindauge i Kviteseid kyrkje som prosjekt i 2024. Pris og vurdering av taket i Vrådal må gjerast i 2023.

**VEDTAK i SR:** SR vedtek den framlagde investeringsbudsjetten for 2024-2028 med noko endring. Investeringsprosjekt for 2024 blir berre taket på Vrådal kyrkje. Pris og vurdering av taket i Vrådal må gjerast i 2023.

SR-sak 07.23 FR	Tilbygg til bårehus/servicebygg Kviteseid	KS
-----------------	---	----

Saka ligg i eige vedlegg.

Arkitektarbeid kr 47.000 er etter avtale med arkitekten fakturert i 2023.

AU hadde som grunnlag for si handsaming saksutgreiinga og teikningar.

**Forslag til VEDTAK i AU:**

AU tilrår at det til taket på samla bygg med fleire funksjonar, velgjast alt. .... (....)

**VEDTAK i AU:**

AU vil overlate til SR å seie noko om utforming av taket på bårehuset og den nye utvidinga. Vi må legge til rette for solcelleanlegg på den nye bårehustaket. Uavhengig av løysing på taket, meiner AU det er nok med ei dør på framsida av bygget, lengst mot vest.


Vedlegg: *Saksutgreiing (word), teikningar (pdf) og følgebrev fra arkitekten (pdf)*

Soknerådet (SR) får i tillegg følgebrev til skissene fra arkitekten.

SR må på møte bestemme utforminga av taket og eventuelle andre sider ved prosjektet. Snikkar Svein Heggtveit melder så inn byggesak til kommunen. Tilbygget er finansiert med investeringsmidlane vi har til rådighet i 2023, viss det ikkje kjem nye fordyrande element.. Byggearbeidet er planlagd til april, men det kan bli oppstart seint i mars.

**Forslag til VEDTAK i SR:** SR vedtek at utvidinga av bårehuset byggjast med tak som...

Soknerådet fekk orientering om, og drøfta dei forskjellige variantane. SR vart samde om alt.4 i dei tilsendte papira.



**VEDTAK i SR:** Soknerådet (SR) vedtek at utvidinga av bårehuset byggjast med saltak med sprang og takutspring/svalgang berre på ny del. SR ynskjer ikkje ekstra dør mot bårehuset viss den ikkje er naudsynt som rømmingsveg. Det må leggjast til rette for framtidig solpanel.

<b>SR-sak 08.23 SR</b>	<b>Soknemøte med årsmøtesaker</b>	<b>MG</b>
------------------------	-----------------------------------	-----------

I kyrkjelova §9-11 finn vi dei grunnleggande lovane for soknemøtet. Det skal kvart år haldast eit slikt møte der ein legg fram for medlemmene årsrapport, rekneskap, arbeidsprogram og budsjett til orientering. Fristen for å legge fram revisjonsfråsegn til rekneskapet er 1. april. Soknemøtet bør difor haldast ein gong etter dette.

Vi har SR 1. mars og 26. april, med tilhøyrande AU 14 dagar før kvart SR. På desse møta kan årsmeldinga handsamast, og til det siste er rekneskapen og ferdig. Det er soknerådet som førebur sakene til soknemøtet.

I april kjem påske og konfirmasjonar som må takast omsyn til. Viss vi har soknemøte i Kviteseid 7. mai, bør alt vera klart.

SR bestemmer 1. mars om det er nokon saker som skal opp på soknemøtet.

Dato for soknemøtet kan gjerast kjend for medlemmene i kyrkjebladet som kjem ut veka før påske. Det er då 5 veker før. I tillegg annonserer vi på soknet si Facebook og heimeside. Årsmelding og rekneskap kan leggjast ut i papirutgåve på gudstenesta i Kviteseid 30. april.

**Forslag til VEDTAK i SR:** Tid og stad for soknemøtet blir sett til sundag 7. mai, etter familiegudstenesta i Kviteseid kyrkje.

Revisoren påpeika etter å ha motteke innkallinga, at fristen for revisjonsfråsegn til rekneskapen er 30. april, og at 1. april må vera noko gamalt.

Kyrkjeverja meiner likevel at handsaming av årsmeldinga vil kunne gjerast som skissert på SR-møta i mars og april.

**VEDTAK i SR:** Tid og stad for soknemøtet blir sett til sundag 7. mai, etter familiegudstenesta i Kviteseid kyrkje.

<b>SR-sak 09.23 SR</b>	<b>Kyrkjevalet 2023</b>	<b>MG</b>
------------------------	-------------------------	-----------

Soknerådsleiar og kyrkjeverja deltek på informasjonsmøte om kyrkjevalet i Seljord 18.01.2023 i regi av prosten.

Informasjon frå det møtet vert delt på Soknerådsmøtet 25.1.

Bruk RESSURSBANKEN om valet, laga av kyrkjerådet: <https://ressursbanken.kirken.no/nb-NO/kirkevalget/kirkevalg/> Der står alt vi treng å vite.

Vi veit at dette er nytt i år:

- mogleg å stemme digitalt (førehandsstemming).
- 3 vallister til bispedømerådsvalet (og kyrkjerådet)
  - Nominasjonslista (den tradisjonelle frå bispedømet)
  - Frimodig kyrkje (sjå vedlagt brev: *Val-info 2023 Frimodig kyrkje*)

- Bønnelista <https://www.bonnelista.no/>

Soknerådsleiar og kyrkjeverja fekk på informasjonsmøte i Seljord informasjon om at det kunne bli 4 lister til bispedømevalet. I tillegg til dei 3 nemnde kan også Åpen kyrkje komme til å stille med lister.

Soknerådsleiar viste nokre lysark frå informasjonen SR hadde fått tilsendt med innkallinga, og poengterte nokre viktige punkt.

Leiar av nominasjonskomiteen i Kviteseid, Marit Sørby, informerte frå prosessen med å finna kandidatar til soknerådsvalet i Kviteseid.

Kyrkjeverja orienterte om at vår kandidat Astrid Tveten i Seljord vart vald som Øvre Telemark prosti sin kandidat til nominasjonskomiteen for leke representantar til bispedømevalet.

### **Informasjonssak, og difor ikkje vedtak.**

SR-sak 10.23 SR	Eventuelt	MG
<p>Til Kviteseid sokneråd.</p> <p>Jeg vil gjerne at vi tar opp igjen når soknerådsmøtene skal være.</p> <p>Per i dag ,skjer de aller fleste aktiviteter i kirken på onsdag, så hvis en som feks meg er med på noe annet i kirken, så kan jeg risikere å ha opptil 3 arrangement på onsdag, og selv om jeg er pensjonist, så er det for mye.</p> <p>Dessuten har korpset øving på onsdager, og der er Møyfrid med. Det betyr igjen at hun mister en øving pr måned. Vi har bare en prest, og jeg synes vi skal ta hensyn til henne.</p> <p>Dette er kanskje ikke noen stor sak, men jeg kjenner nå at det blir for mye. Og foreslår at vi stemmer om det går an å flytte soknerådsmøte, til en annen dag</p> <p>Mvh Marit Sørby</p>		
<p>Soknerådet drøfta denne saken og sa seg einig.</p> <p>Det kom forslag om å flytte alle datoane ein dag vidare på kalenderen, og at torsdag blir fast møtedag vidare.</p> <p><b>VEDTAK i SR:</b> Møtedag for soknerådet ut perioden, blir torsdagar, til same tid, med unntak av neste møte, 1. mars.</p>		

#### **Planlagde møte i 2023: (NYTT SR-vedtak 25.01.2023)**

AU:	onsd. 12.4.	onsd. 24.5.	onsd. 9.8.	onsd. 20.9.?
SR:	onsd. 1.3.	torsd. 27.4.	torsd. 8.6.	torsd. 24.8.

Valdagar: 10+11.9.

Konstituerande SR: torsd. 23.11.